



Like etter start i fjorårets løp.

Den 31.mai er det klart for det vakre motbakkeløpet Solfjelløpet. Då vert det arrangert for 7. gang. Dei som deltok i fjor rapporterte om ei fantastisk oppleving både under løpet, og etter dei nådde toppen og kunne nyta den vidunderlege utsikten. Etter nedgang i deltakartalet førre året, var det ein stor og gledeleg auke i fjor.

Ein av dei som uttalte seg i svært positive ordelag om løpet, var vinnaren dei to siste åra, Erlend Drivenes. Han har også rekorden i Solfjelløpet med 40 min. og 26 sekund.

- Eg likte løpet i fjor veldig godt. Både løypa og naturen med den fantastiske utsikten, var heilt topp. Dessutan passar det veldig godt inn i opplegget, og reisa er ikkje så lang, sa han mellom anna til uskedalen.no i fjor.
- Dette er krydder i treningskvardagen, la han til samtundes som han fortalde at mora hadde ramma inn eit flott bilete av han då han nærma seg toppen, og plassert det på veggen i stova. Det fortel mykje om naturopplevinga, for Drivenes deltar jammen i mange konkurransar i løpet av året.

Løypa er 5,3 km. Den startar 34 moh på Haugland medan mål er på toppen av Solfjell 890 moh. Det er god premiering både i trim- og konkurranseklassen. I fjor var det til saman 93 deltakar, 69 i trimklassen og 24 i konkurranseklassen. No er det opna for påmelding, og arrangørane ønskjer at dei fleste gjer det online på førehand. De finn meir detaljert informasjon om løpet og påmeldingsskjema ved å klikka dåke inn [på UIL si heimeside her](#).

Med så mykje spreke turfolk som det er i distriktet, bør det verta rekorddeltaking, for sommarveret må nok visa seg til den tid! Det kan verta ei fantastisk oppleving.



[Rekordhaldar Erlend Drivenes på veg mot mål. Ny rekord vert premiert.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Anbjørn Høivik og Ola Matti Mathisen.